

HR sak 22/24 Høyringsinnspel - Forslag til ny motorferdsellov (Frist 15/9)

Dette er ein høyringsrunde rundt utvalget sin vurdering av lovutkastet, dvs fyrste runde.

Vedtak:

Hardangerrådet sender ikkje inn høyrings svar no, men venter til sjølve lova kjem på høyring. Då kan Hardangerrådet koma med ein felles uttale.

HR-sak 23/24 Søknad frå Visit Hardangerfjord om støtte til hovedprosjekt regional reiselivsstrategi for Hardanger**Vedtak.**

Hardangerrådet ønskjer at hovudprosjekt "Regional reiselivsstrategi for Hardanger" vert gjennomført, og oppmodar Visit Hardangerfjord å søkja Sparebankstiftinga Hardanger og andre finansieringskjelder om delfinansiering av prosjektet.

HR-sak 24/24 Orienterings- og drøftingssaker

- **Endra møtedatoar for Hardangerrådsmøte i oktober 2024 og desember 2024**

Vedtak:

Neste Hardangerrådsmøte vert fredag 8.november 2024 i Odda kl 0900-1500.

- **Uttale vedrørende konseptvalet om "arm til Bergen"**

Vedtak:

Konseptvalet om «arm til Bergen» gjer det naudsynt å leggja sterkare vekt på framdrifta når det gjeld reguleringa av tunnelane på strekinga. For fylket gjeld dette særleg «Poll til poll» i Kvinnherad og tunnel under Kvamskogen i Kvam. Me bed difor om at Vestland fylke vektlegg rask framdrift i desse prosjekta. Hardangerrådet bed om skriftleg tilbakemelding.

Uttalen skal sendast til :

Fylkesordførar Jon Askeland,

Hovudutval for samferdsel og mobilitet i VLFK v/ leiar Arve Helle

Avdelingsdirektør for Infrastruktur og veg Dina Lefdal

Postmottak i VLFK.

Møteboka godkjent 12.09.2024

Timo Knoch
Rådsordførar